

Planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Oppsummering av innspelsmøtet 30.januar

1) Dimensjonering

- Prognoser for etterspørsel etter arbeidskraft:
 - Prognoser for næringsliv er problematisk pga. konjunktursvingninger o.l. , er lite føreseielege
 - Prognoser for offentlig sektor er mindre problematisk fordi dei er knytt til befolkningsgrunnlag
- Dimensjonering av utdanningstilbud på fagutdanning i forhold til lærlingeplassar og arbeidslivets behov er ei kompleks og samansett utfordring
- Bedriftenes forventningar til lærlingar – vil ikkje ta imot alle lærlingar pga. karakterar og fråvær
- Eit problem er at det er misforhold mellom arbeidslivet sitt tilbud om lærlingeplassar og dei lærlingeplassane elevene etterspør
- Vaksne i arbeidslivet som tar fagbrev, fortrenger dei unge f.eks. innan helsefag
- Balansen mellom etterspørsel etter lærlingar/arbeidskraft/samfunnets behov og elevenes/studentanes ønskjer - korleis skal dette handterast?
- UH-sektoren: Auke i talet på kandidatar med høgare utdanning er blitt absorbert av arbeidsmarknaden. UH-sektoren opplever ikkje at det er noko «master-problem».

2) Endring og omstilling - nye krav til kompetanse

- Viktig å rette søkelyset mot kompetanse som kombinasjon av kunnskap og ferdigheter, ikkje bare kunnskap
- Internasjonale bedrifter som TTS:
 - Utlandet- både som konkurrent og samarbeidspartner
 - Tverrfaglegheit viktig: kombinasjonar av internasjonal kompetanse, språk, kultur, jus, økonomi, prosjektleiing og realfag
 - Trenger kreative ingeniørar, må ikkje tenke for smalt faglig
 - Fagutdanning + masterutdanning – må ikkje snakke ned masterutdanningar. Meir komplekse oppgåver og behov for å jobbe meir avansert og effektivt, gjør at masterutdanningar truleg blir viktigare framover.
- Særleg ettertrakta arbeidskraft er dei som har fagbrev i botn og høgare utdanning/fagskuleutdanning i tillegg: Y-vegen og TAF
- Det er etterspurnad etter både realfag og samfunnsfag/humaniora, fagutdanningar og masterutdanningar. Må ikkje sette utdanningar opp mot kvarandre.
- Kompetanse til å lære noe nytt, er sentralt for omstilling
- Gode basiskunnskapar- spesialisert vidareutdanning, er viktig for å kunne handtere endringar
- Livslang læring som perspektiv – utdanning og læring må sjåast som ein kontinuerlig prosess
- Viktig å koordinere ulike bransjar sine utdanningsbehov i felles grunnutdanningar
- Næringslivet må ta sin del av ansvaret for vidareutdanning/spesialisering av arbeidskraft for å tilpasse deira spesifikke behov
- Viktig å få til samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og klyngene med omsyn til diskusjon av utdanningsbehov/utvikling av utdanningar
- Behov for generalister
- Behov for praktiske ferdigheter som del av utdanningar – stimulere til praksisemne for å få kontakt med arbeidsliv
- Det blir arbeidd med å utvikle samarbeid med arbeidsliv mht. praksisplassar, oppgåveskriving, hospiteringsordningar, lektor 2-ordningar. Dette må vidareutviklast
- UH-sektoren: Grunnutdanningar er basert på statlige tilskot og pålegg og krev lenger planlegging. Er meir fleksible når det gjelder vidare- og etterutdanning.
- HiB- moglegheiter til å utvikle nye studietilbud, men utforringar er blant anna:

- plassmangel
- mangel på kvalifiserte lærekrefter
- UiB – meir treghet for å utvikle nye tilbod pga. statlig styring, krav til godkjenning og at det er nasjonale utdanningstilbod
- Kommunar:
 - Auka forventningar til ytingar og tenester frå innbyggjarane krev meir kompetanse
 - må ha leiarar som kan rekruttere – kompetanse om kva slags kompetanse ein bør rekruttere
 - strategisk kompetansestyring i kommunen viktig
 - konkurranse om arbeidskraft
 - må vidareutdanne egen arbeidskraft
 - distriktskommunar- behov for lokale og desentraliserte utdanningstilbod

3) Unge sine utdannings- og yrkesval

- Elevene har for dårleg kunnskap om arbeidslivet og grunnlag for å foreta gode val
- Skolen/utdanningssystemet gir generelt for lite kunnskap om arbeidslivet
- «Ka vil du bli?» satsing frå Bergen kommune - positivt
- Mangel på kvalifisert rådgiving/karrierevegleiing
- Rektorane må ha fokus på rådgivarfunksjonen
- Foreldre er viktige for barns val. Ei sentral utfordring er foreldra sin manglande kunnskap om utdanningssystemet og arbeidsmarknaden
- Utfordring: forholdet mellom arbeidsmarknadens behov, utdanningstilbod og elevene sine ønskjer, førestellingar om innhaldet i utdanningar og yrke, og dei vala dei gjer.
- Behov for heilskapleg rådgiving/karrierevegleiing- må få eit heilskapleg system
 - Val blir gjort mange gangar i løpet av livet – livslangt perspektiv
 - Det er mange overgangar som er viktige for vidare vegval og karriere
- Yrkesfaga sitt omdømme er generelt for dårleg,
 - men ikkje alle arbeidsgivarar/arbeidsplassar framstår som like attraktive og
 - kvaliteten i utdanningane på yrkesfag er ikkje alltid god nok
- Moglegheitene til å gjøre omval i vidaregåande opplæring bør bli betre – val må sjåast i eit livslangt perspektiv
- Bør utvikle ein partnerskap for rettleiing med arbeidsliv, grunnskole, vidaregåande opplæring og UH-sektoren